



Møteprotokoll

Sakene: 084/25 – 111/25
Møtedato: 10.12.2025
Møtetid: kl. 09:00
Møtestad: Hardangerjøkulen

Fylgjande medlemmer møtte:

	Parti
Hans Petter Thorbjørnsen	AP
Linn Løvtangen Skeie	AP
Ronny Lunestad	AP
Magrete Garnes Øydvin	H
Stig Yngve Røkenes	H
Ingvild Breien Sygnestveit	SP
Jens Olav Holven	SP
Kåre Olai Solheim	SP
Nils Branstveit	SP
Jenny Merete Wright Johnsen	SV
Torunn Pedersen Polden	SV
Anders Kristoffer Oppheim	V
Håkon Gjerde	V
Ingrid Sponheim	V
Katrina Kvåle Hellesnes	V

Fylgjande varamedlemmer møtte:

	Parti
Hans Åge Ohnstad-Johansen	H
Sevre Vestrheim	V

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

	Parti
Kari Sandøy-Jarman	H
Ingeborg Hellesnes Uppheim	V

Merknadar:

Ingeborg Hellesnes Uppheim trer til heradsstyre klokka 15:35 i sak 104/25. Sevre Vestrheim trer av som vara hennes.

Underskrifter:

Me stadfester med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 03.06.2026

Medlem
Magrete Garnes Øydvin

Ordfører
Jens Olav Holven

Medlem
Sevre Vestrheim

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel	
PS-084/25	Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål	
PS-085/25	Meldingar	
PS-086/25	Godkjenning av møteprotokoll	
PS-087/25	Underskrift på møteprotokollen	
PS-088/25	Vidare prosess med Barnehagebygget	
PS-089/25	Interkommunalt vertskommunesamarbeid om kommuneoverlege	
PS-090/25	Tilskot til Ulvik sokn for 2026	
PS-091/25	Oppmoding busetting 2026	
PS-092/25	Søknad om tilskot til sertifisering av Hardanger som berekraftig reisemål	
PS-093/25	Spelemidlar 2026	
PS-094/25	Sjølvkostgebyr 2026	
PS-095/25	Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2026	
PS-096/25	Budsjett og økonomiplan 2026-2029	
PS-097/25	Økonomisk rapport 2.5 tertial 2025	
PS-098/25	Betalingsregulativ og innsamlingsforskrift for Bir Voss Hardanger 2026	
PS-099/25	Avtale om administrativ handsaming av avsluting/etterdrift av deponi Bjørkemoen	
PS-100/25	Hummarfreding	
PS-101/25	Kjempespringfrø 2026	
PS-102/25	Innføring av besøksbidrag for reiselivet i Ulvik	
PS-103/25	Skeie-mylna. Oppretting av stifting og søknad om tilskot	
PS-104/25	Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester	
PS-105/25	Tenestestandard for helse- og omsorgstenester i Ulvik herad	
PS-106/25	Heradsstyret - Reglement for politisk organisering § 1 - Tal medlemar i heradsstyret	
PS-107/25	Søknad om fritak fra politiske verv	
PS-108/25	Suppleringsval etter fritak i perioden 2023-2027	
PS-109/25	Møteplan 2026	
PS-110/25	Kjøp av eigedomar i Osa i samband med konkursen i Osa vanneskport AS	Mellombels unnateke innsyn
PS-111/25	Tenestestruktur for vestland tannhelseteneste 2026-2036	

084/25: Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål

Framlegg til vedtak:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

10.12.2025 Heradsstyret

HST - 084/25 VEDTAK:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

085/25: Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

10.12.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 085/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

086/25: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

10.12.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 086/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

087/25: Underskrift på møteprotokollen

Framlegg til vedtak:

Medlem 1:

Medlem 2:

10.12.2025 Heradsstyret

Framlegg om Sevre Vestrheim og Magrete Garnes Øydvin.

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 087/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Medlem 1: Sevre Vestrheim

Medlem 2: Magrete Garnes Øydvin

088/25: Vidare prosess med Barnehagebygget

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Heradsstyret vedtar bygging av ny barnehage og godkjenning av entreprenør, og ber administrasjonen finna tiltak fram til 2028 som kan redusera driftsutgiftene med mellom 0,5-2 millionar. Fondsavsetjing vert redusert med det som evt. manglar. Bygginga vert finansiert ved låneopptak.

Alternativ 2:

Heradsstyret utsett bygginga til budsjettet kan bære ei investering slik planen for bygging ligg i dag, og anbodskonkurransen vert avlyst. Det vert gjennomført ny anbodskonkurranse med same grunnlag når økonomiplan er godkjend av heradsstyret.

Alternativ 3:

Heradsstyret avlyser anbodskonkurransen og ber administrasjonen finna eit billegar alternativ som må handsamast i heradsstyret før utlysing.

Alternativ 4:

Heradsstyret avlyser anbodskonkurransen, og ber administrasjonen starta arbeid med oppgradering av dagens barnehage med utgangspunkt i tabell med nødvendige tiltak. Dette vert finansiert med låneopptak.

10.12.2025 Heradsstyret

Ny barnehage, foreslått av Håkon Gjerde, Venstre

Heradsstyret vedtar bygging av ny barnehage og godkjenning av entreprenør med fyljande finansiering:

- Totalramme på inntil 63 millionar
- Opptak av lån inntil 50 millionar
- Sal av eigedommarar 9 millionar
- Bruk av fondsavsetningar for å finansiera for resterande

Nytt framlegg, foreslått av Jens Olav Holven, Senterpartiet

Heradsstyret avlyser anbodskonkurransen, og ber administrasjonen starta arbeid med oppgradering av dagens barnehage med utgangspunkt i tabell med nødvendige tiltak.

Administrasjonen får i oppdrag i 2026 og ta ned drifta med 10 mill, og få på plass finansiering og rigga heradet for ei slik invistering i ny barnehage

Dette vert finansiert med låneopptak

Høgre fremja alternativ 4.

Heradsstyret avlyser anbodskonkurransen, og ber administrasjonen starta arbeid med oppgradering av dagens barnehage med utgangspunkt i tabell med nødvendige tiltak. Dette vert finansiert med låneopptak.

Endringsframlegg frå venstre:

Heradsstyret vedtar bygging av ny barnehage og godkjenning av entreprenør med fyljande finansiering:

- Totalramme på inntil 63 millionar
- Opptak av lån inntil 50 millionar
- Sal av eigedommarar 9 millionar
- Bruk av fondsavsetningar for å finansiera for resterande

Høgre trekk framlegg om alternativ 4.

Endringsframlegg frå Senterpartiet og Høgre:

Heradsstyret avlyser anbodskonkurransen, og ber administrasjonen starta arbeid med oppgradering av dagens barnehage med utgangspunkt i tabell med nødvendige tiltak.

Administrasjonen får i oppdrag i 2026 og ta ned drifta med 10 mill, og få på plass finansiering og rigga heradet for ei slik invistering i ny barnehage

Dette vert finansiert med låneopptak

Røysting over tilrådinga frå formannskapet:

Tilråding frå formannskapet vart samrøystes trekt.

Røysting over framlegg frå V mot framlegg frå SP og H:

Framlegg frå V vart vedteke med 10 røyster (V,SV,AP) for og 7 røyster(H,SP) mot.

HST - 088/25 VEDTAK:

Vedtak:

Heradsstyret vedtar bygging av ny barnehage og godkjenning av entreprenør med fyljande finansiering:

- Totalramme på inntil 63 millionar
- Opptak av lån inntil 50 millionar
- Sal av eigedommarar 9 millionar
- Bruk av fondsavsetningar for å finansiera for resterande

19.11.2025 Formannskap

Arbeiderpartiet fremja alternativ 1.

Høgre fremja alternativ 4.

Røysting:

Framlegg frå AP (alternativ 1) vart tilrådd med 3 røyster (V,V,AP,) for og 2 røyst (H,SP) mot.

Framlegg frå H (alternativ 4) fall.

FSK - 077/25 VEDTAK:

Tilråding:

Heradsstyret vedtar bygging av ny barnehage og godkjenning av entreprenør, og ber administrasjonen finna tiltak fram til 2028 som kan redusera driftsutgiftene med mellom 0,5-2 millionar. Fondsavsetjing vert redusert med det som evt. manglar. Bygginga vert finansiert ved låneopptak.

089/25: Interkommunalt vertskommunesamarbeid om kommuneoverlege

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- HST vedtek vedlagt avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for kommuneoverlegefunksjon og samfunnsmedisinsk arbeid mellom Eidfjord kommune og Ulvik herad.
- HST instruerer kommunedirektøren i Ulvik om å delegere mynde til kommunedirektør i Eidfjord herad jamfør kommunelova §20-2. Delegert mynde må samsvare med dei oppgåver og ansvar som er skildra i vertskommuneavtalen om kommuneoverlege.

10.12.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 089/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

- HST vedtek vedlagt avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for kommuneoverlegefunksjon og samfunnsmedisinsk arbeid mellom Eidfjord kommune og Ulvik herad.
- HST instruerer kommunedirektøren i Ulvik om å delegere mynde til kommunedirektør i Eidfjord herad jamfør kommunelova §20-2. Delegert mynde må samsvare med dei oppgåver og ansvar som er skildra i vertskommuneavtalen om kommuneoverlege.

04.12.2025 Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Røysting:

Samrøystes uttale.

FEF - 011/25 VEDTAK:

Uttale frå Fellesrådet:

Rådet stetta tilrådinga frå formannskapet.

- HST vedtek vedlagt avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for kommuneoverlegefunksjon og samfunnsmedisinsk arbeid mellom Eidfjord kommune og Ulvik herad.
- HST instruerer kommunedirektøren i Ulvik om å delegere mynde til kommunedirektør i Eidfjord herad jamfør kommunelova §20-2. Delegert mynde må

samsvare med dei oppgåver og ansvar som er skildra i vertskommuneavtalen om kommuneoverlege.

19.11.2025 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 078/25 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

- HST vedtek vedlagt avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for kommuneoverlegefunksjon og samfunnsmedisinsk arbeid mellom Eidfjord kommune og Ulvik herad.
- HST instruerer kommunedirektøren i Ulvik om å delegere mynde til kommunedirektør i Eidfjord herad jamfør kommunelova §20-2. Delegert mynde må samsvare med dei oppgåver og ansvar som er skildra i vertskommuneavtalen om kommuneoverlege.

090/25: Tilskot til Ulvik sokn for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Førespurnad om auka tilskot for 2025 vert ikkje innvilgja.

Førespurnad om auka tilskot for 2026 vert ikkje direkte innvilgja, men innvilgja gjennom tilbod om vederlagfri tenesteyting tilsvarande kr 400.000 og bortfall av vederlag for tenester som alt leverast tilsvarande kr 150.000.

Løyving til forprosjekt for minnelund vert vidareført til investeringsbudsjettet for 2026 i tråd med opprinneleg løyving.

Løyving til grunnundersøking vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2026 i tråd med økonomiplan vedteke i 2024.

10.12.2025 Heradsstyret

Nytt framlegg frå kommunedirektøren:

- Førespurnad om auka tilskot for 2025 vert ikkje innvilgja.
- Førespurnad om auka tilskot for 2026 vert ikkje innvilgja.
- Ulvik herad utfører tjenesta snøbrøyting vederlagsfritt for kyrkja

- Løyving til forprosjekt for minnelund vert vidareført til investeringsbudsjettet for 2026 i tråd med opprinneleg løyving.
- Løyving til grunnundersøking vert endra til løyving måling av kyrkjebygg i investeringsbudsjettet for 2026. Denne løyvinga vil og koma som ei eige sak i samband med 1. tertial når prisar/tilskotsum er kjent.

Røysting over ny framlegg frå kommunedirektøren mot tilrådinga frå formannskapet:
Nytt framlegg frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

HST - 090/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

- Førespurnad om auka tilskot for 2025 vert ikkje innvilgja.
- Førespurnad om auka tilskot for 2026 vert ikkje innvilgja.
- Ulvik herad utfører tenesta snøbrøyting vederlagsfritt for kyrkja
- Løyving til forprosjekt for minnelund vert vidareført til investeringsbudsjettet for 2026 i tråd med opprinneleg løyving.
- Løyving til grunnundersøking vert endra til løyving måling av kyrkjebygg i investeringsbudsjettet for 2026. Denne løyvinga vil og koma som ei eige sak i samband med 1. tertial når prisar/tilskotsum er kjent.

19.11.2025 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 079/25 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Førespurnad om auka tilskot for 2025 vert ikkje innvilgja.

Førespurnad om auka tilskot for 2026 vert ikkje direkte innvilgja, men innvilgja gjennom tilbod om vederlagfri tenesteyting tilsvarande kr 400.000 og bortfall av vederlag for tenester som alt leverast tilsvarande kr 150.000.

Løyving til forprosjekt for minnelund vert vidareført til investeringsbudsjettet for 2026 i tråd med opprinneleg løyving.

Løyving til grunnundersøking vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2026 i tråd med økonomiplan vedteke i 2024.

091/25: Oppmoding busetting 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Heradsstyret vedtek at kommunen ikkje har kapasitet til å busetje flyktningar i 2025 grunna den utfordrande bustadsituasjonen i Ulvik.

Alternativ 2:

Heradsstyret vedtek busetjing av 5 flyktningar i 2026 for å ta sin del av eit solidarisk ansvar, og for å sikre kontinuitet i flyktningtenesta.

10.12.2025 Heradsstyret

SV fremja framlegg frå kommunedirektøren alternativ 2.

Heradsstyret vedtek busetjing av 5 flyktningar i 2026 for å ta sin del av eit solidarisk ansvar, og for å sikre kontinuitet i flyktningtenesta.

Røysting over framlegg frå SV mot formannskapet sitt vedtak:

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 10 røyster (Ap,SP,H) for og 7 røyster (V,SV) mot. Framlegg frå SV fall.

HST - 091/25 VEDTAK:

Vedtak:

Heradsstyret vedtek at kommunen ikkje har kapasitet til å busetje flyktningar i 2026 grunna den utfordrande bustadsituasjonen i Ulvik.

19.11.2025 Formannskap

Høgre fremja alternativ 1.

Framlegg frå venstre (endring i alternativ 2):

Heradsstyret vedtek busetjing av inntil 5 flyktningar i 2026 for å ta sin del av eit solidarisk ansvar, og for å sikre kontinuitet i flyktningtenesta.

Røysting:

Framlegg frå Høgre (alternativ 1) vart tilrådd med 3 røyster (H,AP,SP) for og 2 røyster mot (V,V). Framlegg frå venstre fall.

FSK - 081/25 VEDTAK:

Tilråding:

Heradsstyret vedtek at kommunen ikkje har kapasitet til å busetje flyktningar i 2026 grunna den utfordrande bustadsituasjonen i Ulvik.

092/25: Søknad om tilskot til sertifisering av Hardanger som berekraftig reisemål

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ulvik herad sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Noreg si merkeordning.
2. Ulvik herad løyver kr 200 000 pr år i to år (2026–2027) til sertifiseringsprosessen.
3. Ulvik herad forpliktar seg til å stille med ein dedikert ressurs som kontaktperson og koordinator for sertifiseringsprosessen, med ansvar for å samle inn og formidle relevant informasjon frå kommunen til prosjektleiinga.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med dei andre Hardanger-kommunane og Visit Hardangerfjord om gjennomføring av prosjektet.
5. Tiltaket vert finansiert over næringsfondet og innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2026 og 2027

10.12.2025 Heradsstyret

Tilråding frå formannskapet:

1. Ulvik herad sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Noreg si merkeordning.
2. Ulvik herad løyver kr 200 000 pr år i to år (2026–2027) til sertifiseringsprosessen.
3. Ulvik herad forpliktar seg til å stille med ein dedikert ressurs som kontaktperson og koordinator for sertifiseringsprosessen, med ansvar for å samle inn og formidle relevant informasjon frå kommunen til prosjektleiinga.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med dei andre Hardanger-kommunane og Visit Hardangerfjord om gjennomføring av prosjektet.
5. Tiltaket vert finansiert over næringsfondet og innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2026 og 2027

Framlegg frå Jens Olav Holven, tillegg etter komma i punkt 1:

,under føresetnad at alle Hardangerkommunar er med.
Samrøystes vedteken.

Røysting over tilrådinga frå formannskapet med endring i punkt 1:

Tilråding frå formannskapet med endring i punkt 1 vart vedteken med 15 røyster (AP,V,SV,SP) for og 3 røyster(H) mot.

HST - 092/25 VEDTAK:

Vedtak:

1. Ulvik herad sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Noreg si merkeordning, under føresetnad at alle

Hardangerkommunar er med.

2. Ulvik herad løyver kr 200 000 pr år i to år (2026–2027) til sertifiseringsprosessen.
3. Ulvik herad forpliktar seg til å stille med ein dedikert ressurs som kontaktperson og koordinator for sertifiseringsprosessen, med ansvar for å samle inn og formidle relevant informasjon frå kommunen til prosjektleiinga.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med dei andre Hardanger-kommunane og Visit Hardangerfjord om gjennomføring av prosjektet.
5. Tiltaket vert finansiert over næringsfondet og innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2026 og 2027

19.11.2025 Formannskap

Røysting:

Framlegg frå kommunedirektøren vart tilrådd med 3 røyster (V,V,AP) for og 2 røyster (SP,H) mot.

FSK - 082/25 VEDTAK:

Tilråding:

1. Ulvik herad sluttar seg til oppstart av sertifiseringsprosessen for Hardanger som berekraftig reisemål etter Innovasjon Noreg si merkeordning.
2. Ulvik herad løyver kr 200 000 pr år i to år (2026–2027) til sertifiseringsprosessen.
3. Ulvik herad forpliktar seg til å stille med ein dedikert ressurs som kontaktperson og koordinator for sertifiseringsprosessen, med ansvar for å samle inn og formidle relevant informasjon frå kommunen til prosjektleiinga.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med dei andre Hardanger-kommunane og Visit Hardangerfjord om gjennomføring av prosjektet.
5. Tiltaket vert finansiert over næringsfondet og innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2026 og 2027

27.08.2025 Formannskap

Utsetjingsframlegg frå Jens Olav Holven.

Røysting over utsetjingsframlegg:

Utsetjingsframlegg vart vedteken med 3 røyster (H,AP,SP) for og 2 røyster (V,V) mot.

FSK - 058/25 VEDTAK:

Vedtak:

Saka vert utsett.

093/25: Spelemidler 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik heradsstyre godkjenner søknad om spelemidler for 2026;

Anleggsnavn	Søknadsbeløp	Søknadstype
Rehabilitering av garderobeanlegg Brakanes Skule	600 000	Fornya søknad

10.12.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 093/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik heradsstyre godkjenner søknad om spelemidler for 2026;

Anleggsnavn	Søknadsbeløp	Søknadstype
Rehabilitering av garderobeanlegg Brakanes Skule	600 000	Fornya søknad

19.11.2025 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 084/25 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Ulvik heradsstyre godkjenner søknad om spelemidler for 2026;

Anleggsnavn	Søknadsbeløp	Søknadstype
Rehabilitering av garderobeanlegg Brakanes Skule	600 000	Fornya søknad

094/25: Sjølvkostgebyr 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vassgebyr for 2026 aukast med 18,1%.

Kloakkgebyr for 2026 aukast med 29,57%.

Septikkgebyr for 2026 aukast med 42,27%

Gebyr for tilsyn og behovsprøvd feiing aukast med 10%.

10.12.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 094/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Vassgebyr for 2026 aukast med 18,1%.

Kloakkgebyr for 2026 aukast med 29,57%.

Septikkgebyr for 2026 aukast med 42,27%

Gebyr for tilsyn og behovsprøvd feiing aukast med 10%.

19.11.2025 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 085/25 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Vassgebyr for 2026 aukast med 18,1%.

Kloakkgebyr for 2026 aukast med 29,57%.

Septikkgebyr for 2026 aukast med 42,27%

Gebyr for tilsyn og behovsprøvd feiing aukast med 10%.

095/25: Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2026

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vedtek budsjett for kontrollarbeidet i 2026 i høve framlegget frå Kontrollutvalet.

10.12.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 095/25 VEDTAK:**Samrøystes vedtak:**

Heradsstyret vedtek budsjett for kontrollarbeidet i 2026 i høve framlegget frå Kontrollutvalet.

096/25: Budsjett og økonomiplan 2026-2029**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, kommunedirektørnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av økonomiplandokumentet.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk leggjast til faktisk sjølvkost som vedteke i eigen sak. Gebyrhefte vedlagt til informasjon.
4. Ekstraløying til miljøterapeuten til skulen vert avvikla.
5. Kyrkja tildelast midlar lik budsjettsats for 2025, med endring som framgår av vedtak i eigen sak.
6. Ulvik herad tek sikte på å innføre eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav a frå og med skatteåret 2027. Dette inneber arbeid med utgreiing av eigedomsskatt på næringseigedom, bustader og fritidsbustader, samt takseringsarbeid i 2026.
7. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2025 vert godkjent med ei totalramme på kr 65 268 500 og eit låneopptak på inntil kr 52 448 634. Det vert ikkje teke opp nye startlånmidler.
8. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
9. For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
10. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 fyrste ledd. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2026 er basert på takster vedtekne ved siste alminnelege taksering gjennomført i for skatteåret 2025.

11. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte desember 2024 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2026, jfr. eigedomsskattelova §10.
12. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.
13. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. januar 2026. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp. For avgifter - vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til vedtak i eigen sak, og vedlagt gebyrhefte. For renovasjon vert det vist til vedtak i BIR Voss-Hardanger.
 - a. Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka i tråd med vedlagt gebyrhefte. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet eller anna. Auken gjeld frå 1.1.2026 der ikkje anna framkjem av heftet eller av forskrift.
 - b. Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3,7%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2026.
 - c. Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.
 - d. Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 4%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.
 - e. Betalingsatsar for byggjesak og matrikkellov aukast i tråd med sjølvkostprinsipp i fylgje vedlagt oversikt. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2026.
14. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS som vedteke av styret i Hardanger Energi AS for 2026.
15. I tråd med HST-vedtak 035/22 er godtgjersle til ordførar for 2025 fastsett til 75% av godtgjersle for stortingsrepresentant, som per 01.05.2025 utgjer kr 911 233. Varaordførar får 10% av dette, kr 91 123.
16. Finansielle måltal, etter ny kommunelov §14-2 vedtakast i høve punkt 4.1 i økonomiplandokumentet.
17. Føresetnadar for budsjettet, etter ny kommunelov §14-4 vedtakast i høve punkt 4.2 i økonomiplandokumentet.
18. Erstatningskraft seljast til spotpris og nyttast til finansiering av straumkostnadar på egne bygg.
19. Konesjonskraft for 2026 er førehandsseld til 62,3øre/kwh.
20. Brakanes skule omgjerast frå 10-delt skule til 9-delt skule.

21. Sparetiltak og tilhøyrande omstilling godkjennast i tråd med punkt 4.5.1.1 i budsjett- og økonomiplan.

10.12.2025 Heradsstyret

Endringsframlegg frå Høgre 1:

Stryke punkt 6 i innstillinga til kommunedirektøren.

Administrasjonen får i oppdrag i 2026 og ta ned drifta med 10 mill, og rigga heradet for ei forsvarleg drift i komande økonomiplanperiode. Saka må leggjast fram for politisk behandling innan utgangen av 2026.

Endringsframlegg frå SV 1:

Auka tilskot til styrkinga av bemanning i barnehagen bør øyremerkast barnehagen.

Endringsframlegg frå SV 2:

Brakanes skule held fram som 10-delt skule. Skulen administrerer ei innsparing på 400 000 ved interne justeringar. Skulen bør samarbeida på tvers av klassane der det er pedagogisk forsvarleg og tenleg.

Gruppemøte: 15 min.

Høgre trekke framlegg 1 om å stryke punkt 6.

Endringsframlegg frå Høgre 2:

Nytt punkt 22.

Administrasjonen får i oppdrag i 2026 og ta ned drifta med 10 mill, og rigga heradet for ei forsvarleg drift i komande økonomiplanperiode. Saka må leggjast fram for politisk behandling innan utgangen av 2026.

SV trekke framlegg 2 om 10 delt skule.

Endringsframlegg frå SV 3:

Endre punkt 20 i sak 96/25: Skulen administrerer ei innsparing på 400 000 ved interne justeringar. Skulen bør samarbeida på tvers av klassane der det er pedagogisk forsvarleg og tenleg.

Endring frå administrasjonen:

Punkt 7: Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2025 vert godkjent med ei totalramme på kr 95 268 500 og eit låneopptak på inntil kr 70 448 634. Det vert ikkje teke opp nye startlånmidler.

Røysting over framlegg 2 frå Høgre:

Samrøystes vedteken.

Røysting over framlegg 1 frå SV:

Samrøystes vedteken.

Røysting over framlegg 3 frå SV:

Samrøystes vedteken.

Røysting over endring frå administrasjon:

Samrøystes vedteken.

Røysting over resterande punkt:

Samrøystes vedteken.

HST - 096/25 VEDTAK:**Samrøystes vedtak:**

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, kommunedirektørnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av økonomiplandokumentet.
3. VA-avgifter på vatn og kloakk leggjast til faktisk sjølvkost som vedteke i eigen sak. Gebyrhefte vedlagt til informasjon.
4. Ekstraløyving til miljøterapeuten til skulen vert avvikla.
5. Kyrkja tildelast midlar lik budsjettsats for 2025, med endring som framgår av vedtak i eigen sak.
6. Ulvik herad tek sikte på å innføre eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 bokstav a frå og med skatteåret 2027. Dette inneber arbeid med utgreiing av eigedomsskatt på næringseigedom, bustader og fritidsbustader, samt takseringsarbeid i 2026.
7. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2025 vert godkjent med ei totalramme på kr 95 268 500 og eit låneopptak på inntil kr 70 448 634. Det vert ikkje teke opp nye startlånmidler.
8. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
9. For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
10. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova §11 fyrste ledd. Utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2026 er basert på takster vedtekne ved siste alminnelege taksering gjennomført i for skatteåret 2025.
11. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte desember 2024 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2026, jfr. eigedomsskattelova §10.
12. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.
13. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. januar 2026. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp. For avgifter - vatn og avløp

(sjølvkost) vert det vist til vedtak i eigen sak, og vedlagt gebyrhefte. For renovasjon vert det vist til vedtak i BIR Voss-Hardanger.

- a. Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka i tråd med vedlagt gebyrhefte. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet eller anna. Auken gjeld frå 1.1.2026 der ikkje anna framkjem av heftet eller av forskrift.
 - b. Betalingssatsane for tenester på skulen vert auka med 3,7%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2026.
 - c. Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.
 - d. Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 4%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.
 - e. Betalingsatsar for byggjesak og matrikkellov aukast i tråd med sjølvkostprinsipp i fylgje vedlagt oversikt. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2026.
14. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS som vedteke av styret i Hardanger Energi AS for 2026.
 15. I tråd med HST-vedtak 035/22 er godtgjersle til ordførar for 2025 fastsett til 75% av godtgjersle for stortingsrepresentant, som per 01.05.2025 utgjer kr 911 233. Varaordførar får 10% av dette, kr 91 123.
 16. Finansielle måltal, etter ny kommunelov §14-2 vedtakast i høve punkt 4.1 i økonomiplandokumentet.
 17. Føresetnadar for budsjettet, etter ny kommunelov §14-4 vedtakast i høve punkt 4.2 i økonomiplandokumentet.
 18. Erstatningskraft seljast til spotpris og nyttast til finansiering av straumkostnadar på eigne bygg.
 19. Konesjonskraft for 2026 er førehandsseld til 62,3øre/kwh.
 20. Skulen administrerer ei innsparing på 400 000 ved interne justeringar. Skulen bør samarbeida på tvers av klassane der det er pedagogisk forsvarleg og tenleg.
 21. Sparetiltak og tilhøyrande omstilling godkjennast i tråd med punkt 4.5.1.1 i budsjett- og økonomiplan.
 22. Administrasjonen får i oppdrag i 2026 og ta ned drifta med 10 mill, og rigga heradet for ei forsvarleg drift i komande økonomiplanperiode. Saka må leggjast fram for politisk behandling innan utgangen av 2026.

23. Auka tilskot til styrkinga av bemanning i barnehagen bør øyremerkast barnehagen.

04.12.2025 Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Røysting:

Samrøystes uttale:

Rådet ønskjer at tenestene Friskliv og meistring, samt kommunepsykologtenesta, vert vidareførte.

Det blir lagt opp til auke i kommunale gebyrar og eigendelar. Heradet bør sikre at det finst ordningar for dei med dårleg råd som får utfordringar som følgje av auka satsar.

FEF - 008/25 VEDTAK:

Uttale frå Fellesrådet:

Rådet ønskjer at tenestene Friskliv og meistring, samt kommunepsykologtenesta, vert vidareførte.

Det blir lagt opp til auke i kommunale gebyrar og eigendelar. Heradet bør sikre at det finst ordningar for dei med dårleg råd som får utfordringar som følgje av auka satsar.

02.12.2025 Administrasjonsutvalet

ADM - 008/25 VEDTAK:

ADM kommenterer budsjettet med utgangspunkt i arbeidsgjevarperspektivet.

ADM støtter desse punkta i AMU sitt innspel til budsjettsaka, med nokre mindre endringar:

1. Fjerning av stillingar/kjøp av eksterne tenester vil gje ei meirbelastning for tilsette i dei aktuelle einingane.
2. Fjerning av skogodtgjersle i helse- og velferd som har vore ei ordning dei siste 4 åra. Dette vil kunne skapa misnøye. Gode sko kan virka førebyggjande for sjukefråveret. AMU vil gjennomføra ei kartlegging av sko og kle- godtgjersle for heile organisasjonen i løpet av 2026. ADM ber om å få kartlegginga lagt fram i utvalet.
3. ADM støttar utvida feriestenging i barnehage frå 3 til 4 veker i sommarferien sjølv om dette kan føra til ei styrt/pålagt feriaavvikling for dei tilsette. Dette kan og påvirka andre delar av organisasjonen (foreldre til barnehageborna)
4. AMU er positive til prosjekta: dataarbeidsplasskartlegging og oppfylgjing av 10.faktor undersøkinga.
